



## Statens vegvesen

### Notat

Til:	Hovudutval for Samferdsel	Sakshandsamar/telefon:
Frå:	Statens vegvesen, Vegavdeling Sogn og Fjordane	Johannes Tubbene/+4790135868
Kopi til:		Vår dato: 04.04.2016
		Vår referanse: 16/49247-1

### Kryssing av fylkesveg 55 på Neshøgdi, Luster kommune

Vi viser til e-post stila til Samferdselsutvalet i Sogn og Fjordane frå Nes og Høyheimsvik Bygdelag og frå foreldrene på nes v/Ann Kristin Sperle, e-post av 15.mars 2016. Denne ligg vedlagt.

Dette notatet er ei kort oppsummering av historikk/sakshandsaming i samband med utbygging av bustadfelt på Neshøgdi, på begge sider av fv. 55.

Det siste som har skjedd i denne saka er at det 9.06.2015 vart det halde synfaring på staden der Luster kommune, nettbuss Grunneigar/utbyggjar, Neshøgdi vel/nes og Høyheimsvik bygdelag , samt statens vegvesen deltok. Det vart skrive følgjande referat frå synfaringa:

## Referat synfaring undergang Neshøgdi 19.06.2015

Bakgrunn for synfaringa: Neshøgdi vel spurde Statens vegvesen 8. april om ei avklaring når det gjeld avstigning frå buss i samband med utbetring av utkøyrsel på Neshøgdi. Vegvesenet ved Johannes Tubbene tok difor initiativ til ei synfaring med Nettbuss, kommunen, politi, grunneigar og Neshøgdi vel/ Nes og Høyheimsvik bygdelag 19. juni.

### Desse møtte:

Johannes Tubbene og Harald Eivind Skildheim; Statens Vegvesen. Jan Magne Svåi; Eigedom, Luster kommune. Harald Haugen; Nettbuss. Magne Moen; Grunneigar. Ann Kristin Sperle, Morten Larsen, Sigbjørn Skjerdal, Einvald Erichsen; Neshøgdi vel/ Nes og Høyheimsvik bygdelag.

### Saker som vart drøfta:

- Neshøgdi vel/ Nes og Høyheimsvik bygdelag ynskjer at bussen skal stoppe ved avkøyring til nye bustadfeltet for å sleppe ungene av når dei kjem frå skulen. Dette gjer at ungene under fv55 slepp å gå langs vegen når dei kjem heim. Statens Vegvesen og Nettbuss meiner dette er grei løysing. Bussen treng ikkje eiga busslomme for å stoppe i 60-sone når sikta er god. Magne Moen ordnar fundament til busstoppskilt som skal vera klart til skulestart i august.
- Neshøgdi vel/ Nes og Høyheimsvik bygdelag ynskjer at gangsone frå avkøyring innover langs fv55 skal gå i yttersving i staden for innersving som teikna på reguleringsplan. Dette fordi kryssing lenger inne vil gje betre sikt. Ei slik løysing vil dessutan vera ei naturleg start på arbeidet med framtidig undergangsløysing og hindre unødig dobbeltarbeid for entreprenør. Alle som var til stades var einige om at dette vil vera ei betre løysing for dei gåande enn gangsone i innersving. Magne vil søka kommunen om dispensasjon frå reguleringsplanen slik at gangsonen kan leggjast i yttersving. Autovern får ei opning etter gjeldande reglar for 60-sone ved punkt avtala på synfaringa. Dette skal vera klart til skulestart gitt at kommunen kan gje ein snarleg dispensasjon.
- Jan Magne Svåi frå Eigedom, Luster kommune, la fram ei førebels skisse og kalkyle for undergangsløysing. Dersom det vert bygd undergang, vert det med universell utforming. Kalkylen var på 3,7 millionar kroner, men Jan Magne meinte dette var noko høgt, og at 3 millionar kroner kunne vera realistisk. Om kommunen vil byggja undergangen er ei politisk sak som tidlegast kan verta avklart i løpet av hausten. Byggjestart neste år må difor reknast som realistisk dersom det vert gjort vedtak om bygging.
- Statens vegvesen påpeika dårleg sikt ved utkøyring frå det nye bustadfeltet til fv55. Dette skuldast ein jordhaug sør for utkøyringa. Denne jordhaugen vil vegvesenet ha fjerna straks, då den kan skape farlege trafikksituasjonar både for gåande og køyrande. Magne og Sigbjørn skal ordne dette snarleg.

Referat skrive av Einvald S. Erichsen for Neshøgdi vel/ Nes og Høyheimsvik bygdelag 22.06.2015

### Status pr. idag:

Etter synfaringa er første, andre og fjerde kulepunkt gjennomført.

## Historikk:

### I uttale datert 02.09.2010 til planprogram og varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid – gnr. 72 bnr. 3 og 15 – Neshøgdi i Luster kommune skriv Statens vegvesen m.a. følgjande:

«Generelt meiner vi det er uheldig med nye bustadfelt langs riks- og fylkesveg der ein må ferdast langs vegar utan gangveg for å kome til alle service- og fritidstilbod. Dette området ligg omlag 5 km frå Gaupne og 3 km frå Høyheimsvik. Begge strekningane er dårleg eigna for sykling, spesielt mot Gaupne der ein må gjennom Råumstunnelen.

Vi ser ikkje at det er aktuelt å bygge gang/sykkelveg eller få til betre tilhøve for sykling på desse strekningane. Det vil seie at ein må basere seg på bil eller buss for alle turar til butikk, skule og fritidsaktivitetar.

Det vert no innført fartsgrense på 60 km/t på fv 55 forbi dette området. Det gjer at vi ikkje vil gå heilt i mot oppstartsvarelet. Men vi meiner kommunen må vurdere nøye det transportbehovet som kjem av utbygginga. Dersom lokale planar eller utbygging fører til behov for gangveg, er det kommunen/utbyggjar som har ansvar for gangveg.














Om kommunen vil gå vidare med planen, må det takast med ein del tiltak ved fv 55. Plangrensa ligg opp mot 50 m frå fv 55. Det er greitt med tanke på bustader. Men planen må ta med kva som skal gjerast med krysset for å få utbetra det som det står i planprogrammet. Vidare må planen ha med gangveg til busslommene og til trygt kryssingspunkt mot bustadfeltet på oversida av fylkesvegen. På oversida av vegen er det om lag 100 m til næraste busslomme. Det må planleggast og byggast gangveg dit. På nedsida av vegen er det om lag 250 m til busslomme i begge retningar. Det må vurderast korleis ein kan kome til næraste busslomme på ein trygg måte, anten ved å bygge gangveg langs fv 55 eller ved å bygge gangveg direkte frå feltet til busslomma.

Vi vil kome med meir detaljerte merknader når reguleringsplanen er teikna opp. Dersom dei punkta vi har teke opp med trygg tilkomst til feltet og trygg tilkomst til busslommene ikkje er med i planen, vil vi vurdere motsegn til heile planen.»

**Detaljreguleringsplan:**



## Teiknforklaring:

TEIKNFORKLARING		STREKSYMBOL M.V.	
PBL. §12-5 REGULERINGSFØREMÅL			
<b>BEBYGGELSE OG ANLEGG</b>		---	PLANGRENSE
	BUSTADER, B1-5	—	GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL
	SERVICEANLEGG, R1-2	- - -	BYGGEGRENSE
	LEIKEPlass, L1-2	—	TOMTEGRENSE
<b>SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR</b>		—	SENTERLINJE REGULERT VEG
	KØYREVEG, V1-4	- - -	FRISIKTLINJE
	GANGAREAL, G1-2	—	PLANLAGT BEBYGGELSE
	PARKERINGSPlass, P1-2	—	BEBYGGELSE SOM INNGÅR I PLANEN
	ANNA VEGGRUNN	- - -	BEBYGGELSE SOM VERT FJERNA
<b>LNF – LANDBRUK</b>		—	BEBYGGELSE SOM VERT FJERNA
	LNF1-2		
<b>OMSSYNSZONE</b>			
	FØRNMİNNE, GRAVHAUG		
<b>SIKRINGSSONE</b>			
	FRISIKTSONE		
		KOORDINATSYSTEM : EUREF	
		EKVIDISTANSE: 1m	
		MÅLESTOKK: 1:1000	
			
		10                      50	
REV	ENDRING	DATO	SIGN
<b>DETALJREGULERINGSPLAN</b> MED FØRESEGNER FOR:		PLANID:	
<b>NESHØGDI BUSTADFELT I LUSTER KOMMUNE</b>		1426-2010005	
		DATE	SAKSHANDS.
		07.06.2011	HFH
<b>Oppdragsgjevar: Magne og Audun Moen</b>		DATE	SIGN.
<b>SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA(2008):</b>			
HANDSAMING, 1. GONG I DET FASTE UTVAL FOR PLANSAKER:			
HANDSAMING, 2. GONG, FUP: SAKNR.			
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRØMMET:			
HANDSAMING, 3. GONG, FUP: SAKNR.			
EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN			
VEDTAK I KOMMUNESTYRET , SAKNR.			
KUNNGJØRT:			
PLANEN UTARBEIDD AV:		TEGN. NR.	INDEKS
		1006-100	

**Pr. 01.06.2010:**

Det vart innført redusert fartsgrense frå 80 km/t til 60 km/t på den aktuelle strekninga over Neshøgdi.

**Utdrag av føresegnene til detaljreguleringsplan for Neshøgdi bustadfelt:**

LUSTER KOMMUNE

DETALJREGULERINGSPLAN FOR NESHØGDI BUSTADFELT

**Føresegner til detaljreguleringsplan for Neshøgdi bustadfelt.**

I samsvar med plan- og bygningslova §12-5, 12-6 og 12-7.

**Planen er datert: 07.06.2011**

**Siste revisjon:**

**§1 Fellesføresegner**

- 1.1 Føremålet med planen er å leggja til rette for bygging av bustader.
- 1.2 Reguleringsføresegnene gjeld området innanfor plangrensene som er vist på plankart 1006-100, datert 07.06.2011. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.3 Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg utstrekning. Vanleg tynning av skog kan utførast på ein skånsom måte. Bustadane skal sikrast god terrengtilpassing slik at dei ikkje framstår som ruvande i forhold til landskapsryggen som ligg i LNF-område i vest.
- 1.4 Det kan for tomt 6-9 søkast om tiltaksløyve for annan utnytting og tomteoppdeling. Det er då krav til samla situasjonsplan for dei tomtene som inngår i søknaden.
- 1.5 Bustadane på tomt 1-2 og 10-11 kan ikkje takast i bruk før det er etablert støyttiltak som stettar anbefalte krav i samsvar med miljøverndepartementets retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442)
- 1.6 **Utvida skulder for FV 55, reguleringsføremål G1-2, og avkøyrsløp frå V1 til V2 må utførast før bustadane kan takast i bruk.**

**§13 Gangareal, G1-2 - offentlig**

- 13.1 **Området er avsett til gangareal på i form av utvida skulder langs fylkesvegen.**
- 13.2 **Regulert bredde er 1,5 m.**
- 13.3 **Området skal vera ferdig opparbeid før fyrste bustad vert teke i bruk.**

**Referat frå synfaring 29.09.2010 der vegvesenet, Luster kommune, utbyggjar, entreprenør og konsulent deltok:**



**Detaljreguleringsplan for Neshøgdi bustadfelt**

**Referat frå synfaring med SVV  
29.09.2010 kl. 9.30**

**Tilstades:** Finn Arne Sundby, Statens vegvesen (FAS)  
Torunn Løne Vinje, Luster Kommune (TLV)  
Magne Moen, utbyggjar (MM)  
Audun Moen, utbyggjar (AM)  
Harald Leirdal, ENT (HL)

**Referent:** Heidi Helle, FASIT as (HH)

---

Fasit ingeniørtenester as har på vegne av utbyggjar teke initiativ til ei synfaring med Statens vegvesen og Luster kommune i samband med oppstart av detaljregulering av bustadfelt på Neshøgdi. Føremålet med synfaringa var å komme fram til moglege løysingar for trygg tilkomst for gåande til feltet og frå feltet til busslommene. Det vart konkludert med følgjande løysing kan akseptertast frå Statens vegvesen si side:

- RV 55 vert definert som hovudveg med fartsgrense 60 km/t.
- Det kan byggast utvida skulder på oppsida av vegen frå avkøyrsla frå bustadfeltet og innover til eksisterande busslomme. Skuldra skal ha ein breidde på 1,5m.
- Det kan leggest opp til tilrettelagt kryssing utan skilting av gangfelt.
- **I reguleringsplanen må det leggest inn i føresegnene at den utvida skuldra og ombygging av avkøyrsla må vere ferdig bygd før bustadane kan takast i bruk.**
- Avkøyrsla frå feltet til RV55 må tilpassast for dimensjonerande køyretøy og køyremåte i tillegg til at siktkrava må stettast.

Heidi F. Helle  
Referent

Godkjenning planprogram Luster kommune:

Trygve Eugede Lee

Sak 69/10

**Luster kommune**

Saksnr.: Utval	Møtedato
69/10 Plan- og forvaltningsstyret	19.10.2010

**:: Reguleringsplanarbeid for bustadområde på Neshøgdi, (72/3 og 72/15)  
Godkjenning Planprogram**

Arkivsak: 10/2170	Sakshandsamar: Torunn Løne Vinje	Arkivkode: L12
----------------------	-------------------------------------	-------------------

**Rådmannen si tilråding:**

Plan- og forvaltningsstyret viser til reglane i kap 4 i Plan- og bygningslova. Luster kommune godkjenner Planprogram for Reguleringsplan Neshøgdi med desse føresetnadene:

- Reguleringsplanen skal omfatta både kryssutforming ved FV 55 og gangveg /sti langsmed FV 55 fram til busstopp i aust.
- Reguleringsplanen skal gjera greie for og omfatta løysingar som sikrar vasskjeldene til naboar/grunneigarar i området.
- Reguleringsplanen skal gjera greie for evt. verdifulle geologiske førekomstar i planområdet og kva verknader ei utbygging får for desse og evt korleis lokaliteten vert teke vare på.
- Reguleringsplanen må omtala løysingar som sikrar korleis omsynet til kulturminne og dyrka mark vert ivareteke i reguleringsplanen.

Plan- og forvaltningsstyret

19.10.2010

Sak : 69/10

**Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

Plan- og forvaltningsstyret viser til reglane i kap 4 i Plan- og bygningslova. Luster kommune godkjenner Planprogram for Reguleringsplan Neshøgdi med desse føresetnadene:

- Reguleringsplanen skal omfatta både kryssutforming ved FV 55 og gangveg /sti langsmed FV 55 fram til busstopp i aust.
- Reguleringsplanen skal gjera greie for og omfatta løysingar som sikrar vasskjeldene til naboar/grunneigarar i området.
- Reguleringsplanen skal gjera greie for evt. verdifulle geologiske førekomstar i planområdet og kva verknader ei utbygging får for desse og evt korleis lokaliteten vert teke vare på.
- Reguleringsplanen må omtala løysingar som sikrar korleis omsynet til kulturminne og dyrka mark vert ivareteke i reguleringsplanen.



## Saksutgreiing:

**Prenta vedlegg:** Planprogram Reguleringsplan Neshøgdi, med merknader til planarbeidet  
**Uprenta vedlegg:**

### Samandrag:

Bakgrunn for krav om planprogram for Reguleringsplan Neshøgdi er at planarbeidet ikkje er heimla i arealdelen til kommuneplanen. Rådmannen meiner likevel at reguleringsplan kan utarbeidast med bakgrunn i at det i 2. runde av arealdelen var utlagt eit mindre område som ligg like ved. Grunna manglande interesse frå grunneigarane vart ikkje dette teke med i endeleg planutkast. Det var ikkje merknader til dette området frå regionale forvaltningsmyndigheiter. Planprogram er utarbeidd og har vore utlagd til offentleg ettersyn. Rådmannen rår til at planprogrammet kan godkjennast på visse føresetnader.

### Utval som har vedtaksmynde:

Plan og forvaltningsstyret -jfr politisk delegeringsreglement.

### Fakta:

Arbeidet med reguleringsplanen er ikkje heimla i Kommuneplanen sin arealdel. Bakgrunn for dette var at i samband med arealdelen vart det gjort framlegg om utlegging av eit tilsvarande felt på tilgrensande eigedom. Dette var det ikkje interesse for hjå grunneigarane. Frå regionale forvaltningsmyndigheiter var det heller ikkje avgjerande merknader til dette feltet.

Med bakgrunn i at området ikkje er heimla i kommuneplanen sin arealdel må det jfr PBL § 12-9, utarbeidast planprogram. Kunngjering og varsel om oppstart av planarbeid og planprogram var 26.04.2010 med m.a. lysing i Sogn Avis, brev til offentlege høyringspartar, naboar / grunneigarar. Frist for å koma med innspel var 07.09. 2010. Det kom inn i alt 7 kommentarar som er vurdert frå konsulenten

Det aktuelle området som er varsla oppstart for er på om lag 28 daa og ligg mellom FV 55 og Fjorden. Aktuelle reguleringsføremaal er bustadbygging, trafikk, leik, grønstruktur og område for VA-anlegg.

### Innspel

Grunneigarar/naboar: I kommentarane til planprogrammet frå grunneigarar / naboar i området vert det m.a. peika på fare for tap av vassforsyning og set fokus på landskap og naturelement i området som må ivaretakast. I uttale frå grunneigar på naboiegedom vert det påpeika at det i utbyggingsområdet førekjem ein sjeldan førekomst av gneis og at det berre er få stader ein finn denne gneistypen i Noreg.

Fylkeskommunen - kulturavdelinga peikar på gravrøysene i området som har ei sentral plassering i landskapet, og at dei ikkje må byggjast inne. Dette gjeld også gravhaugen som ligg nærast planområdet. Dei har framlegg om kva som må regulerast til LNFR- med underføremaal kulturminne.

Fylkesmannen tilrår at det m.a. vert stilt krav om utnyttingsgraden i bustadområdet m.a. for å sikra god terreng og landskapstilpassing. Landbruksavdelinga legg vekt på at planområdet ligg midt inne i eit område med dyrka mark, og at ei ytterlegare utbygging vil kunna føra til drifts- og miljømessige ulemper. Dei legg vekt på at dyrka mark har sterkt vern gjennom jordlova. Med bakgrunn i dette vil dei måtte vurdere motsegn dersom det vert arbeidd vidare med planen.

Statens vegvesen peikar på at det er avgjerande at ein finn løysingar som sikrar mjuke trafikantar i området når det gjeld kryssing av veg og tilkomst til busslommer.

**Vurdering:**

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel tok kommuneplannemnda initiativ til at det vart teke med eit område for bustadbygging på Nes. Utleggingsrunde nr 2 hadde difor med området "Nes nordre" med i alt 10 tomter. Regionale forvaltningsmynde hadde ikkje merknader til ei utbygging i det aktuelle området. Høyringa viste at det ikkje var interesse frå grunneigarane si side til utbygging, og området vart teke ut. I etterkant har det kome initiativ frå grunneigar i tilgrensande område for utbygging på sin eigedom.

Frå kommunen si side har det i ein tidleg fase vorte peika på at området ikkje må omfatta dyrka mark og at det må takast omsyn til fjernverknaden av eit nytt felt. Det aktuelle området er eit landemerke for dei som kjem både landevegen og sjøvegen.

Konsulent for planarbeidet er i dialog med både Landbruksavdelinga, Kulturavdelinga og Vegvesenet når det gjeld å finna gode løysingar i saka.


Det har vore synfaring med Vegvesenet og ei løysing er drøfta. Dette inneber kryssing av FV 55 og, utvida skulder til gangtrafikk på nordsida av veggen, austover til næraste busstopp.

Med bakgrunn i både ny Plan- og bygningslov og Naturmangfaldslov er det kome klarare krav til å gjera greie for tilhøve knytt til naturmangfaldet som m.a. omfattar geologiske førekomstar. Med bakgrunn i dette må det gjerast nærare greie for dei omtalte geologiske verdiane i området i reguleringsplanen, og kva verknader ei utbygging evt får for desse, eller korleis det kan takast omsyn til førekomstane.

Når det no er ynskje om utbygging inntil eksisterande bustader på tilgrensande eigedom finn Rådmannen at det kan utarbeidast plan for det aktuelle området under visse føresetnader som må gjerast greie for i reguleringsplanen.

Dato: 08.10.2010

Tore Eriksen  
rådmann



Arne Ingjald Lerum  
Plansjef

Særutskrift skal sendast:  
m/kopli til:

### Skriv datert 9. nov. 2014 frå Nes og Høyheimsvik bygdelaq:

Det er i størrelsesorden 60–70 ungar yngre enn konfirmasjonsalder på Nes og Høyheimsvik. Fv. 55 gir oss store utfordringar med tanke på trygg skuleveg og ferdsel for mjuke trafikkantar. Med bakgrunn i dette er det eit strekt ønskje frå Nes og Høyheimsvik Bygdelaq om følgjande tiltak:

- Undergang fv. 55 på Nes for å knytte dei 2 ny-etablerte byggjefelta saman.

### Årskiftet 2014/2015:

Det vart halde møte mellom statensvegen og representantar for grendalaget, der utfordringar knytt til trafikktryggleiken ved kryssing fv. 55 på Neshøgdi var tema.

**Vedlegg:**

**Fra:** Ann Kristin Sperle [<mailto:anki@jostedal.no>]

**Sendt:** tysdag 15. mars 2016 09:14

**Til:** Postmottak Sentraladm <[Postmottak.Sentraladm@sfj.no](mailto:Postmottak.Sentraladm@sfj.no)>

**Kopi:** [guk-sand@online.no](mailto:guk-sand@online.no); Arnstein Menes <[Arnstein.Menes@sfj.no](mailto:Arnstein.Menes@sfj.no)>

**Emne:** farleg vegkryssing

Til Samferdselsutvalet i Sogn og Fjordane

Hei

Viser til samtale med Gunn Sande og Arnstein Menes under fylkesårsmøtet i Balestrand 4-5mars i år.

Eg ynskjer å fremje prioritering/avklaring rundt kryssing av Fv. 55 ved Nes i Luster Kommune. Kartutsnittet under viser eit utklipp av Nes, med pil mot Gaupne (G) og Skjolden (S). Dei to raude ringane viser to nye private byggefelt som er bygd opp på kva si side av fylkesvegen dei siste åra.



Dei private reguleringsplanane for desse to felta gav ikkje noko løysing for kryssing av vegen mellom felta, eller for trygg skuleveg til busshaldeplassar for det aukande talet skuleborn som no er etablert og bur på Nes. Skulevegen deira er til Gaupne med buss, og vegen må kryssast i eit trafikkert område med dårleg sikt (lang kurve utan oversikt).

Nes og Høyheimsvik bygdelag har jobba hardt med å setje trygg vegkryssing og trygg skuleveg på dagsorden, og har vore i fleire møter med vegvesenet, kommunen, formannskapet og media.

Fartsgrensa har me fått ned til 60 km/t, men no vert dette nytta som argument mot oss, og at vegen ikkje lenger er eit trafikkfarleg for skuleborna. Alle er likevel enige om at kryssinga av vegen framleis er eit problem på denne svingen. Oppheva gangfelt over vegen er i fylgje vegvesenet ikkje eit alternativ her. Då står me att med overgang eller undergang. Kommunen har rekne på ein universelt utforma undergang, og det er kostnadsrekna til ca 3.mill.

Per i dag er det ca 20 skuleongar som har skulevegen sin her dagleg, og av dei er det berre ein ungdomsskuleelev. Kulla framover vil føre til aukande tal skuleongar, og foreldra i området er redde og ikkje nøgd med situasjonen.

Utbyggjar skulle i fylgje reguleringsplanen lage ei utvida skulder på oppsida av vegen, men dette vart til slutt omgjort til å leggast på utsida av rekkverket på nedsida av vegen. Situasjonen er betra, men kryssinga av vegen er framleis like skummel. I tillegg stoppar no bussen på veg heim frå skulen rett i ei avkøyrsløp slik at det vert mindre gåing langs fylkesvegen, då det ikkje er tilrettelagt for gåande langs denne vegen.

Spørsmålet vårt er då: Kvar går no vegen vidare? Me ynskjer ein undergang. Og me ynskje den undergangen no, ikkje om 10 år. Det er no borna kryssar vegen fleire gonger dagleg, og me får stadig tilbakemeldingar frå bilistar som har passert borna våre langs vegkanten når det kjem ein trailer i mot. Me ynskjer å fremje dette mot samferdselsutvalet i fylket og håpar at det kan jobbast mot ei løysing der kommune, fylkeskommune som vegeigar kan gå saman og sjå grundig på denne situasjonen – og dele på kostnadane med å få realisert ein tryggare skuleveg for borna i området.

Helsing  
Ann Kristin Sperle  
for Nes og Høyheimsvik Bygdelag og  
for foreldrene på Nes

e-post: [anki@jostedal.no](mailto:anki@jostedal.no)

mobil: 993 93 873